



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

Til dykk det gjeld

Dato: 04.11.2010

Vår ref: 10/292-25 DHE

Dykkar ref:

Nasjonale kriterium for fordeling av midlar til trusopplæring

Omtale av kriterium og prosedyre for fordeling av midlar til fellesråd og sokneråd til innføringa av trusopplæringsreforma i alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja

Alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja vil få tilført midlar for å fornye trusopplæringa si for alle døypte mellom 0 og 18 år. Desse midlane blir fordelte nasjonalt. Det gir ein peikepinn om kva for nye økonomiske rammer kyrkjelydane i Den norske kyrkja kan forvente å få når reforma er fullt utbygd i alle kyrkjelydar. Dei årlege statsbudsjetta vil avgjere takta i opptrappinga. Midlane er friske midlar som kjem i tillegg til dei midlane som kyrkja i dag forvaltar på dette feltet.

Her følgjer eit oversyn over økonomiske rammer og fordeling. Kriterium og prosedyre for tildeling er også omtalt.

Tildeling til trusopplæring og indeksregulering

Trusopplæringsreforma er gitt ei ramme på 250 millionar i 2003-kroner. Ut frå løns- og prisutviklinga utgjer dette i overkant av 300 millionar i 2009-kroner. Summane som er oppgitte under dei ulike kategoriane i dette notatet, står i relasjon til denne indeksregulerte ramma. Hovudprofilen på forvaltninga av desse midlane er tildeling av friske midlar til fornya trusopplæring i den lokale kyrkjelyden der born blir døypt og høyrer til. For å medverke til ein best mogleg bruk av midlane lokalt, blir det lagt opp til at nokre midlar blir forvalta på nasjonalt og regionalt nivå. Ei fornya trusopplæring krev stadig fornying og utvikling, både i kyrkjelydane og i andre kompetansmiljø som er i eit dynamisk samspel med kyrkjelydane i Den norske kyrkja.

Ut frå det totale talet på medlemmar i dei første 18 årskulla blir tildelinga til kyrkjelydane på om lag kr 320 per døypt. Kriterium for denne fordelinga følgjer i dei komande punkta.


Fordelinga har eit hovudsiktemål om ei fornya trusopplæring for alle døypte i lokalkyrkjelyden. Størstedelen av midlane går til fordeling kyrkjelydane imellom. Det er stor variasjon mellom dei ulike kyrkjelydane i Den norske kyrkja både når det gjeld folkemengd, bemanning og geografi. Tildelingssystemet tek utgangspunkt i at prostiet er eit tenleg geografisk område å utrekne fordeling til lokalkyrkjelydane etter. Det vil seie at utgangspunktet er talet på døypte mellom 0 og 18 i alle kyrkjelydar i prostiet slik det går fram av medlemsregisteret. Fordelen med å knyte dette opp mot eit større område er høvet til å ta omsyn til andre stillingar innanfor undervisning over statsbudsjettet, samt at det er mogleg å gi tydelege insitament for samarbeid mellom små kyrkjelydar og små fellesråd. Eit større område gir også høve til eventuelt å utjamne ut frå ei på førehand kjend liste med kriterium.

Oversyn over tildeling og prosti

Det er 107 prosti i Den norske kyrkja, inkludert Døveprostiet. Snitt-tildelinga til eit prosti er ca. kr 2.411.200. Det minste prostiet er Nærøy i Nidaros med i alt 1995 døypte 0-18 år. Nærøy vil få ca. kr 638 400. Det største prostiet er Follo med 21 454 døypte 0-18. Dei vil få ca. kr 6 865 000.

Det er kun eitt prosti med mindre enn 2000 døypte 0-18, det er 7 prosti med mellom 2 000 og 3 000 døypte. Det er nokre få svært store prosti. Det er eitt med meir enn 21 000 døypte. Det er 8 prosti med meir enn 13000 døypte i målgruppa. Det er 18 prosti med meir enn 12000 døypte. Dei 18 største prostia vil få 32 % av den samla tildelingssummen. Det er ingen prosti som er så små at det ikkje gir grunnlag for minst ei full stilling.

Oversyn over talet på døypte mellom 0 og 18 år etter storleiken på prostiet:



Omtale av tildelingssystemet med kriterium for fordeling av midlar til trusopplæring i lokalkyrkjelydane

Midlane på statsbudsjettet blir fordelte av Kyrkjerådet, som også bestemmer kva for prosti i bispedøma som skal få opptrappa tildeling. Dette skjer i dialog med bispedøma. Prinsippa for fordeling har ein prøvd å gjere så klare og eintydige som råd er.

Prostiet er inga forvaltningseining. Som tilskotsgeivar har bispedømerådet ansvaret for tildeling av friske midlar til dei ulike fellesråda/samarbeidande fellesråd innanfor prostiet ut frå kjende kriterium. Denne tildelinga skjer etter § 23 i kyrkjelova i etterkant av ein prosess der dei lokale ansvarlege organa er med.

Bispedømerådet vurderer rammene til undervisning gitt over statsbudsjettet til den einsskilte kyrkjelyd/det einsskilte fellesråd. Tildelinga frå bispedømet til kyrkjelydane i utvalde prosti er utrekna ut frå talet på døypte mellom 0 og 18 i prostiet etter medlemsregisteret. Tildelingane går til dei respektive fellesråda.

Stillingar som blir oppretta gjennom reformen, er det fellesrådet som står for, eventuelt ved samarbeidande fellesråd eller vertsfellessråd. Ein prøver å opprette robuste stillingsstorleikar og få eit tenleg stillingsmønster i det einsskilte prostiområde. Bispedømet sitt framlegg er knytt til ei på førehand kjend kriteriumsliste.

Med bispedømet meiner vi bispedømerådet når det er snakk om framlegg til økonomifordeling osv, men når det er snakk om godkjenning av planar osv, meiner vi biskopen og tilsynet.

Bispedømet vedtar ei fordeling av tildelte midlar til trusopplæringsarbeid i kyrkjelydane i prostia ut frå desse kriteria i prioritert rekkefølge:

1. Talet på døypte mellom 0 og 18 (Dei første 18 årskulla medrekna tilhøyrande 0-åringar) i den einsskilte kyrkjelyden ut frå medlemsregisteret. Minimum 75 % av dei tildelte midlane til prostiet skal normalt fordelast etter dette kriteriet.
2. Bemanning av stillingar med direkte tilskot over statsbudsjettet innan undervisning (post 71.16).
3. Den generelle bemanninga av undervisningsstillingar finansierte over statsbudsjettet, skal også vurderast i denne samanhengen. Særleg gjeld dette (ungdoms-) prestestillingar og ungdomsdiakonstillingar osv. Denne bemanningssituasjonen må vurderast i høve til talet på døypte i dei aktuelle

kyrkjelydane.

4. Geografiske og sosiogeografiske forhold (reise – avstand – tilflytting – skulesentrum, samansetjinga av folkemengda, ulike språk osv).

Bispedømeråda skal i si tildeling til kyrkjelydane prøve å stimulere og underbygge:


- Oppretting av mange nok robuste stillingseiningar i det einsskilte prosti. Dette er ikkje til hinder for brøkstillingar i den einsskilte kyrkjelyden eller at statstilskotet inngår som ei delfinansiering av stillingar i kyrkjelyd/fellesråd.
- At fagstillingane blir forankra nær den utøvande tenesta i lokalkyrkjelyden der born og unge bur. Stillingane skal auke det tverrfaglege samarbeidet i den lokale kyrkjelyden i forhold til born og unge. Stillingane skal fungere slik at dei spelar på lag med og aukar den friviljuge innsatsen og det lokale engasjementet i trusopplæringa
- Soknerådet si rolle for trusopplæringa etter kyrkjelova.

Bispedømet vil i konsolideringsfasen forvalte avgrensa midlar til utjamning i tillegg der situasjonen prostia i mellom krev dette.


Prosedyre for tildeling

Når nye prostiområde kjem med i gjennomføringsfasen, har bispedømerådet ansvar for å iverksetje og leie nødvendige prosessar med dei involverte kyrkjelydane/fellesråd og prost for å finne best mogleg organisering av trusopplæringsreforma og fordeling av dei midlane som er til rådvelde. I etterkant av denne dialogen, gjer Bispedømerådet den endelege fordelinga av midlane til dei ulike einingane i tråd med kriterium skisserte ovanfor, og med forankring i § 23 i kyrkjelova. Tildelingsbrevet til kyrkjelydane vil reflektere nasjonale føringar for bruken av midlane i fellesråda.

Med helsing



Paul Erik Wirgenes
Avdelingsdirektør,
avdeling for kyrkjelydsutvikling



Kristine Aksøy
Seksjonssjef
seksjon for barn, unge og trusopplæring

